



Hordaland Fylkeskommune
v/ Eva Katrine Ritland Taule

Dykkar ref.: 2014/11042-171

Vår ref.: 2012001271-35/2017016546 Arkiv: N - 101.2 Dato: 06.12.2017

TILBAKEMELDING OM REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER

Vi viser til Dykkar brev av 21. november 2017 om avklaring av vesentlege innvendingar til Regional kystsonoplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. De viser til at dei kommunane som har hatt vesentlege innvendingar til kystsonoplanen skal senda tilbakemelding til fylkeskommunen innan tre veker, dersom ein framleis står ved innvendingane.

Sveio kommune handsama den avgrensa høyringa av planforslaget i kommunestyret 15. mai 2017, i sak 028/17.

Vedtaket var slik:

Sveio kommune ber om at Hordaland Fylkeskommune lar være å vedta ein felles kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Subsidiært utsetja vedtak til ny soneinndeling og Trafikklyssystem er på plass og deretter vurderer planen på ny.

Sveio kommune er positiv til at det er gjort einskilde grep for å rydda i plandokumenta og at planen no betre er tilpassa kommuneplanen. Dette inneber likevel ikkje at planen reelt sett har blitt monaleg betre, korkje i val av metode eller i måten den adresserer viktige problemstillingar på. Sveio kommune meiner at planen slik den no ligg føre ikkje har svart opp måla som vart sett i planprogrammet. Det er særskilt vanskeleg å sjå at «Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.»

Planen er ei kartlegging av dagens situasjon og kan såleis vera eit kunnskapsgrunnlag for framtidig planlegging av kystsona. Det er naturleg at det vert vedteke som eit kunnskapsgrunnlag og ikkje som ein plan.

I ein orienteringssak om kystsonoplanen i formannskapet 27. november blei planen på ny drøfta og konklusjonen er at ein fortsett held på tidlegare uttale til planen og ønskjer å «klaga» planen inn for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Vedtaket fatta i formannskapet:

Sveio kommune klagar vedteken kystsonoplan inn for Departementet i lag med Fitjar, Tysnes og Austevoll.

Ved ny drøfting om saka i møte 4. desember står formannskapet fortsett for dette men fjernar slutten av setninga - i lag med Fitjar, Tysnes og Austevoll.

Med helsing

(på vegne av rådmann Jostein Førre)

Åse Aleheim
Samfunnsplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Eva Katrine Ritland Taule – eva.katrine.taule@hfk.no